Utdanningsforbundet
Innlandet

KURSREGLEMENT UTDANNINGSFORBUNDET INNLANDET

Overordna målsetting for all kursverksemd i Utdanningsforbundet Innlandet er å auke kunnskaps- og kompetansenivået i alle ledd i organisasjonen. Opplæring og spreiing av kunnskap skjer gjennom dei tillitsvalde. Sånn vert Utdanningsforbundet si rolle som fag- og profesjonsorganisasjon styrka.

Å vera tillitsvald i Utdanningsforbundet gir både rettar og plikter. Hovudavtalen og Utdanningsforbundet sine retningsliner gir tillitsvalde rett til opplæring. Ein stor del av Utdanningsforbundets ressursar går til skolering av tillitsvalde.
Tillitsvalde plikter å stille på kurs/møter Utdanningsforbundet Innlandet kallar inn til, og som den tillitsvalde har søkt om permisjon for å delta på. Dersom den tillitsvalde ikkje kan delta, bør ein sende vara.

Innkalling og påmelding:

- Kursdokumenta (innkalling, permisjonssøknad og førebels program) vert lagt ut på nettsida på det enkelte kurset.
- Innkalling vert sendt via KursAdministrasjonsVerktøyet (KAV) og den tillitsvalde loggar seg inn på mi side for å godta/avslå innkallinga innanfor fristen. Ver nøye med å halde påmeldingsfristen!
- Fylkeskontoret sender liste over deltakarane til lokallaga etter at fristen er ute.
- Eventuell kursevaluering vert sendt deltakarane på e-post.

Dei med lang reiseveg, kan melde seg på med overnatting frå kvelden før. Lang reiseveg vert definert som å måtte klokka 07.00 for å vere på kursstaden klokka 09.30

Under kurset:

- Møt i rett tid til dei ulike øktene i kurset!
- Ver aktiv! Då vert utbyttet av kurset betre for alle.

Må du forlate kurset, skal dette meldast til kursleiinga.

Ikkje møtt og forfall:

- Forfall meldast så tidleg som mogleg via KAV, eller på e-post: innlandet@utdanningsforbundet.no
- Forfall som ikkje vert meldt seinast 3 dagar før kursstart, vert til vanleg belasta lokallaget. Denne regelen gjeld ikkje ved sjukdom og møter med heimel i Hovudavtalen som arbeidsgjevar kallar inn til.

Godtgjersle:

- Til vanleg skal ein nytte offentleg kommunikasjon. Skal ein nytte privatbil må det avtalast med fylkeskontoret på førehand.
- Velgjer du å køyre privatbil utanom køyreordning, vil du berre få godtgjersle tilsvarande offentleg kommunikasjon.
- Lokallaget organiserer samkøyring.
- Kvittering for pass av born leverast på kurset eller sendast fylkeskontoret innan ei veke.
- Dei som har tilgang til Agresso Web, skriv ikkje reiserekning på papir.
- Dei som køyrer bil får godtgjersle for bompassering som om dei har bombrikke/autopass (lågaste sats).
- Ufullstendig utfylte skjema vert sendt attende og utbetalinga vert forsinka.
- Godtgjersle vert utbetalt etter Statens satsar.

Kursreglementet gjeld frå 1.august 2023.

Utdanningsforbundet Innlandet vonar du vil ha stor glede og godt utbytte av våre kurs og skoleringstiltak.

Vel møtt til Innlandskurs!